


SKULEHELSEPLAN

ÅRDAL KOMMUNE



2025 – 2029

INNHALD

INNHALD	2
1.0 INNLEIING	3
1.1 Mål.....	5
1.2 Regelverk.....	6
1.3 Kvalitetssystem i helsestasjons- og skulehelsetenesta	7
2.0 TILBOD OG ARBEIDSOMRÅDE I SKULEHELSETENESTA.....	8
2.1 Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging/ tilvising tilpassa individuelle behov og risiko	8
2.2 Førebyggjande psykososialt arbeid.....	9
2.3 Helseopplysning og rettleiing individuelt og i grupper	11
2.4 Heimebesøk og oppsøkande verksemd.....	11
2.5 Samarbeid med skulen om elevane sitt arbeids- og læringsmiljø	11
2.6 Tverrfagleg samarbeid om habilitering av born og unge	12
2.7 Vaksinasjon	13
2.8 Planlegging og dokumentasjon.....	13
2.9 Tema som helsesjukepleiarar i Årdal treng auka kompetanse på:	14
2.10 Oversikt over arbeidsområde i skulehelsetenesta	15
3.0 FAGGRUPPER OG ORGANISERING	19
3.1 Faggrupper.....	19
3.2 Oversikt over skular og helsestasjon i Årdal kommune	20
3.3 Fagressursar i skulen	20
3.4 Helsestasjon for ungdom (HSTU)	22
4.0 SKULEHELSETENESTA I ÅRDAL 2025 – 2029.....	23
4.1 Bemanning.....	23
4.2 Ei teneste i endring	24
5.0 PLANAR SKULEHELSETENESTA I ÅRDAL.....	26
5.1 Barne- og ungdomsskule	26
5.2 Vidaregåande skule.....	27
5.3 Milepælplan.....	27
VEDLEGG	30

1.0 INNLEIING

I tråd med gjeldande lovverk skal kommunen ha plan for sine helsetenester. Skulehelsetenesta er ei delteneste som skal ha eigen plan i ein samla plan for helsetenestene.

Den fyrste planen for skulehelsetenestene vart utarbeida i 2001. Nye retningslinjer, nye oppgåver og utfordringar gjer at det jamleg er naudsynt å revidera planen.

Grunnlaget for ei god helse vert lagt tidleg i livsløpet. Verdien av tidleg innsats i høve førebyggjande og helsefremjande tiltak til barn og unge er stor. Ein god barndom varer heile livet. Med betre levkår og medisinske framsteg har folkehelseproblem endra seg. Det er i dag større behov for miljø- og åtferdsretta tenester frå skulehelsetenesta enn tidlegare. Skulehelseplanen set søkelys på skulehelsetenesta sine tenester og utfordringar, og skal sikra ei målretta teneste.

Skulehelsetenesta byggjer på eit holistisk menneskesyn. Det betyr at alle menneske må bli sett i ein heilskap samansett av fysiske, psykiske, sosiale og åndelege komponentar. Alle menneske er likeverdige uavhengig av alder, kjønn, nasjonalitet, tru, bakgrunn eller seksuell legning. For skulehelsetenesta er det grunnleggjande å fokusera på eleven og dei føresette sine ressursar og evner til meistring.

Skulehelsetenesta skal vera ein aktiv pådrivar for å styrkja det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i Årdal kommune. Elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen, samt deira føresette, er skulehelsetenesta si målgruppe. Det vert utført grunnleggjande helsekontrollar og vaksinerings etter nasjonale retningslinjer. Skulehelsetenesta skal ha faste kontordagar ved kvar skule for å vera tilgjengeleg for elevar, føresette og tilsette i skulane.

Årdal, som andre kommunar, har store utfordringar knytt til barn og unge si psykiske helse. Dette er utfordringar som krev arbeid over tid og ofte tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Kommunen har no innarbeida "*Betre tverrfagleg innsats*", BTI, som skal lette det tverrfaglege arbeidet og sikre dokumentasjon og målretta innsats.

Skulehelsetenesta er aktiv i den tverrfaglege gruppa som jobbar aktivt mot ufrivillig skulefråvære.

Skulehelsetenesta samarbeider med barnehagar, skular, barnevern, PPT, tannhelsetenesta, fysio- og ergoterapitenesta, Psykisk helsevern, BUP, NAV, Bu- og miljøtenesta og politi. Helsestasjonslege og kommuneoverlege har det medisinske faglege ansvaret for skulehelsetenesta.

Samhandlingsreforma som Regjeringa la fram i 2011 gav klare signal til kommunane om styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det har over år vore store vanskar med å rekruttera helsesjukepleiarar til Årdal kommune. Kommunen har lagt ned store ressursar for å få på plass kvalifisert personell, men me har framleis i 2024 ikkje helsesjukepleiarar i alle stillingar. Me har tilsett sjukepleiar med særleg interesse for førebyggjande og helsefremmande arbeid i ein fast stilling, og me har prosjektmidlar til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta der me midlertidig har tilgang på ein sjukepleiar med lang erfaring frå arbeid på helsestasjon og skulehelsetenest. Me har over år hatt mangel på tilsette i vikariat med årsak i permisjon og

sjukdom. Det har vore lite ressursar til nettverksarbeid, miljøskaping og prosjekt som me ynskjer å setja i verk i form av foreldrerettleiing, samtalegrupper, fysisk fostring, sukkerfrie barnehagar/ skular og andre tema i høve førebygging og tidleg innsats.

Frå 2023 har Årdal kommune 3 helsesjukepleiarstillingar, 1,5 sjukepleiarstilling og ein 0,5 prosjektstilling med sjukepleiar til rådvelde for helsestasjons- og skulehelsetenesta intil vidare. Tenesta driftar helsestasjon, skulehelseteneste på barne-, ungdoms- og vidaregåande skule, helsestasjon for ungdom, høyrselstesting av alle innbyggjarar, influensavaksinerings, covidvaksinerings, og reisevaksinasjon for alle. Om lag 2,5 - 3 årsverk vert nytta til arbeid i skulehelsetenesta, med faste dagar på kvar skule. Med fleire på plass i stillingane me rår over yter me innsats i tida framover saman med barne- og ungdomsarbeidarane i psykisk helseteneste slik at me kan vera tett på der skoen trykker på alle skulane i Årdal.

Anne Berit Lerum

Leiande helsesjukepleiar, Årdal kommune

Årdal, 01.10.2024

1.1 Mål

Skulehelsetenesta skal, med heimel i statlege føringar :

- Fremje god fysisk, psykisk og sosial helse hjå barn og unge
- Førebygge sjukdom og skade
- Fremje gode sosiale og miljømessige forhold

Dette kan me oppnå ved:

- Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging/ tilvising tilpassa individuelle behov og risiko
- Førebyggjande psykososialt arbeid
- Helseopplysning og rettleiing individuelt og i grupper
- Heimebesøk/ oppsøkande verksemd
- Samarbeid med skule og psykisk helseteneste for barn og unge om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø for elevar
- Bistand og undervisning i grupper/ klassar/ foreldremøte
- Samarbeid om habilitering av born og unge med spesielle behov
- Informasjon og tilbod om Barnevaksinasjonsprogrammet
- Planlegging og dokumentasjon

MÅL FOR SKULEHELSETENESTA I ÅRDAL KOMMUNE:

1. Skulehelsetenesta skal sikre at barn og unge får den helseundersøkinga og den helseopplysninga dei har krav på
2. Skulehelsetenesta skal utføre målretta undersøkingar tilpassa individuelle behov og risiko
3. Skulehelsetenesta skal samarbeide med heim, skule og andre i hjelpeapparatet for å identifisere og løyse helseproblem som har samanheng med skuleelevane sin situasjon, samt vere pådrivar og samarbeidspartnar for skulen sitt personale
4. Alle born skal få tilbod om vaksinasjon i samsvar med det tilrådde programmet
5. Skulehelsetenesta skal arbeide målretta for å hindre og avdekke vald

1.2 Regelverk

Helsestasjons- og skulehelsetenesta er lovpålagte deltenester for kommunane i følge kommunehelsetenestelova § 1 – 3. Deltenestene er ein del av kommunane si lovpålagte plikt til å driva førebyggjande og helsefremjande arbeid.

Lover (sist vedtekne utgåve)

- Lov om folkehelsearbeid
- Lov om helse- og omsorgstenester i kommunen
- Lov om vern mot smittsomme sykdommer
- Lov om forbud mot kjønnslemlestelse
- Pasient- og brukerrettighetsloven (pasientrettighetsloven)
- Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)
- Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd

Forskrifter (sist vedtekne utgåve)

- Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten
- Forskrift om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp
- Forskrift om lovbestemt sykepleietjeneste i kommunens helsetjeneste
- Forskrift om pasientjournal
- Forskrift om habilitering og rehabilitering
- Forskrift om individuell plan etter helselovgivingen og sosialhelsetjenesteloven
- Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram
- Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten
- Forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.
- Forskrift om varsling av og tiltak ved alvorlige hendelser av betydning for internasjonal folkehelse
- Forskrift om tuberkulosekontroll
- Forskrift om innsamling og behandling av helseopplysninger i Meldingssystem for smittsomme sykdommer og i Tuberkuloseregisteret og om varsling om smittsomme sykdommer (MSIS og Tuberkuloseregisterforskriften)
- Forskrift om innsamling og behandling av helseopplysninger i Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK- registerforskriften)
- Forskrift om allmennfarlige smittsomme sykdommer

Faglege retningslinjer, veiledarar m.m.

- Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom (Helsedirektoratet, 2018)
- Statens helsetilsyns utviklingsserie
 - Somatiske undersøkelser av barn og unge fra 0-20 år (IK 2611)
 - Helsefremmende og forebyggende arbeid for barn og unge 0-20 år (IK 2621)
- Nasjonale faglige retningslinjer for undersøkelse av syn, hørsel og språk hos barn (IS 1235)
- Retningslinjer for oppfølging av for tidlig fødte barn (IS 1419)
- Fra bekymring til handling – en veileder om tidlig intervensjon på rusområdet (IS 1742)
- Nasjonale faglige retningslinjer for veiing og måling i helsestasjon og skolehelsetjenesten (IS 1736)
- Nasjonale faglige retningslinjer for primærhelsetjenesten. Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge (IS 1734)
- Utviklingsstrategi for helsestasjon og skolehelsetjenesten (IS 1798)

1.3 Kvalitetssystem i helsestasjons- og skolehelsetjenesta

I lov om statlig tilsyn med helsetjenesten, Tilsynsloven § 3 heiter det:

” Enhver som yter helsetjenester skal ha etablert et internkontrollsystem for å påse at tjenesten planlegges og utøves i samsvar med allment aksepterte faglige normer, lover og forskrifter i internkontrollforskriften. ”

Helsestasjonen i Årdal har i samarbeid med Lærdal og Aurland helsestasjon utarbeida eit heilskapleg kvalitetssikringssystem. Dette er samla i «Kvalitetshåndbok for helsestasjon». Det er utarbeidd prosedyrer for dei ulike arbeidsområda for å sikre at me føl normer, lover og forskrifter for tenesta.

I samarbeidet med dei andre kommunane er det naudsynt å utveksle erfaringar og drøfte ny kunnskap.

Leiande helsesjukepleiar i kvar kommune har ansvar for oppdatering og revidering av kvalitetshåndboka årleg.

2.0 TILBOD OG ARBEIDSOMRÅDE I SKULEHELSETENESTA

2.1 Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging/ tilvising tilpassa individuelle behov og risiko

Skulehelsetenesta skal vere eit lågterskeltilbod der born, unge og deira føresette skal kunne komme med sine behov og bekymringar. For å få dette til er det avgjerande å ha ei stabil teneste som er til stades på skulane til faste tider. Helsesjukepleiar skal vera synleg på skulane. Ved skulestart kvar haust vert det delt ut skriv om skulehelsetilbodet der det er informasjon om kontaktperson, møtepunkt og telefonnummer på kvar skule.

Skulehelsetenesta er organisert gjennom avtalte konsultasjonar både individuelt og i grupper, og tilbyr eit variert og planlagt program for helseopplysning, rettleiing, helseundersøkingar og vaksinasjon. Skulehelsetenesta i Årdal følgjande tilrådd program for helsestasjons- og skulehelseteneste. Alle som skal starte i 1.klasse på hausten vert kalla inn til basisundersøking på våren før skulestart.

Screeningundersøkingar av syn, høyrse, vekt og lengde inngår som ein del av helseundersøkingane. Helsesjukepleiar samarbeider tett med skulelege der ein finn avvik. Etter innføring av vektsscreening og oppfølging i høve den aukande fedmeepidemien ser ein eit auka ressursbehov. Motivasjonsarbeid for foreldre og born krev mykje. Oppfølginga går ofte over lang tid der ein samarbeider med foreldre, lege og spesialisthelseteneste/ overvektsteam i Førde. Det er eit mål å få til eit endå tettare samarbeid med Frisklivssentralen for desse familiane.

Det individretta arbeidet i skulehelsetenesta er:

- Målretta helseundersøkingar på ulike alderssteg; skulestart, 3.klasse, 5.klasse og 8.klasse
- "Open dør" til faste tider på alle skular
- Barnevaksinasjonsprogrammet med vaksinetilbod til alle i 2.klasse, 6.klasse, 2.dosar i 7.klasse og 10.klasse. Tilbod om meningokokkvaksinasjon i vidaregåande skule.
- Helseundersøking av flyktningar og tilflyttarar, innhenting av vaksineopplysningar slik at dei vert fullvaksinerte i samsvar med det norske barnevaksinasjonsprogrammet, oversikt over kva som skal høyre med i undersøkinga er vedlagt (Vedlegg 1)
- Oppfølging av elevar med spesielle behov
- Fastsette samtalar og helseopplysning med jenter og foreldre som kjem frå risikoland i høve kjønslæsting. Tilbod om frivillig underlivsundersøking.
- Bidra til smidige overgangar frå barnehage til skule, frå barnesteg til ungdomssteg og frå ungdomssteg til vidaregåande skule.

Viktig å sikre at elevar med fysiske, psykiske og sosiale vanskar vert oppdaga så tidleg som mogeleg, og at naudsynte tiltak vert sette i verk.

Bruk av målretta undersøkingar vert vektlagt. Viktig å nytta mest tid på dei som har størst behov for hjelp eller har auka risiko for helseproblem.

Samarbeid med foreldre vert oppretta ved basisundersøkinga ved skulestart, og er naudsynt ved alle tiltak kring ein elev. Ved kvar helseundersøking og vaksinasjon får foreldre/ føresette informasjon frå skulehelsetenesta og får høve til å få tilbakemelding.

Foreldre har høve til å ta kontakt med helsesjukepleiar ved behov eller bekymring.

2.2 Førebyggjande psykososialt arbeid

Med førebyggjande psykososialt arbeid meiner ein: *”tiltak som fremjer gode mellommenneskelege, sosiale og miljømessige forhold for å hindre psykiske plager/ sykdom og problemskapende adferd”*(s.34, Veileder IS 1154).

Born og unge treng vaksne som ser dei og er der for dei. Forsking viser at ein faktor som kan beskytte born og unge mot å utvikle psykiske vanskar er at minst ein person har hatt positiv betyding for barnet over tid.

Mykje av tida til helsesjukepleiar går med på å vere ein vaksenperson for elevar med utfordringar fysisk, psykisk eller sosialt. I dei aller fleste saker vert det oppretta samarbeid med foreldre og skule for å finne gode måtar å hjelpe elevane på. Helsesjukepleiar kan i samarbeid med skulelege tilvise elevar til BUP.

Dei siste åra ser me ein auke i tal elevar som strevar med trivsel, mobbing, sorg, etevanskar, sjølvskading, søvnvanskar, rus, ufrivillig skulefråvære, vennevanskar, seksualitet og angstlidingar. Dette krev ofte samarbeid mellom heim, skule og helseteneste over tid.

Skulehelsetenesta skal vera ein stad der born, unge og deira foreldre kan komma med sine bekymringar og utfordringar. Skulehelsetenesta skal bidra til at psykiske vanskar og risikofaktorar vert oppdaga tidlegast mogeleg, samt bidra til tidleg intervensjon når vanskar vert avdekt.

Helsesjukepleiar har tre viktige funksjonar å bidra med for at born og unge skal utvikle ei god psykisk helse:

- Vere ein trygg samtalepartner når livet byr på utfordringar
- Hindre at psykiske vanskar utviklar seg til sjukdom
- Sjå til at dei med psykiske vanskar får den hjelpa dei treng

For å oppnå dette er det viktig med kontinuitet, difor er tilgjenge på alle skular til faste tider naudsynt. På den måten kan born og unge ha ein vaksen dei kan gå til med saker som gjeld personleg helse.

Skuleleiing og skulehelseteneste skal vere pådrivar for å få i gang førebyggjande undervisningsprogram i skulen. Årdal kommune har i dag desse programma tilgjengelege:

1. Zippy's venner

Eit førebyggjande undervisningsprogram for 1.-4. klasse. Målet er å læra elevane å meistra vanskar i kvardagen, å identifisera og snakka om kjensler og å støtta andre som har det vanskeleg.

Helsesjukepleiar bidreg som rettleiar for lærarane saman med PPT. Lærar har ansvar for gjennomføringa av programmet, helsesjukepleiar han bidra som ressursperson i klassen.

2. Alle har ei psykisk helse

Eit førebyggjande program på ungdomssteget. Målsetjinga med programmet er å bidra til å førebyggja psykiske vanskar hjå ungdom, utfordra ungdom sine haldningar og fordommar mot psykiske lidningar, auke kunnskap om psykisk helse og gje ungdom kunnskap om kvar dei kan søke hjelp. Lærar har ansvar for gjennomføring, helsesjukepleiar kan bidra som ressursperson i opplegget.

3. VIP – Veiledning og informasjon om psykisk helse

Eit førebyggjande program for vidaregåande skule. Målsetjinga med programmet er å bidra til å førebyggja psykiske vanskar hjå ungdom, utfordra ungdom sine haldningar og fordommar mot psykiske lidningar, auke kunnskap om psykisk helse og gje ungdom kunnskap om kvar dei kan søke hjelp. Programmet vert gjennomført ved at alle klassar ser ein opplysningsvideo og jobbar saman i grupper om spørsmål som vert leverte vidare til fagpersonar på helsestasjon, PPT, Psykisk helsearbeid og miljøkoordinator ved skulen. Desse kjem så inn i klassane for å svare på spørsmåla og informere om kvar ein kan søke hjelp i Årdal kommune.

4. FRI

Eit førebyggjande program i ungdomsskulen som har til mål å medverke til at færre elevar startar med røyking eller snusing. Skulane administrerer dette programmet. Helsesjukepleiar kan vere støttespelar.

5.Nok

Senter mot incest og seksuelle overgrep kjem til 5.klassane årleg og snakkar med elevane om eigne grenser, kva som er lovleg seksuell åtferd, gode og vonde hemmelegheiter, trygge vaksne, private områder på kroppen, korleis ein kan seie frå om incest og seksuelle overgrep. Dette vert avtalt med helsesjukepleiar, rektor og kontaktlærar og vert ikkje gjort kjent for føresette før etter at undervisninga har vore gjennomført. Personell frå Nok og helsesjukepleiar er tilgjengeleg på skulen ei tid etter undervisninga. Elevane får med informasjon om undervisninga heim til føresette same dag.

6.Cool Kids

Behandlingsprogram for born og unge med angst. Målet er å lære seg ferdigheiter som styrkar borna til å meistre angst og bekymringstankar.

7.ICDP

Foreldrerettleiingsprogram for å auke meistringskjensla til foreldre og styrke sensitiviseringa mellom foreldre og barn.

8. Spør først

Spør Først er et undervisningsopplegg for barn og ungdom i 6., 9. og fyrste året på Vidaregåande skule som har som mål å forebygge seksuelle overgrep og fremme positiv og trygg seksualitet.

Det er store utfordringar knytt til å etablere tiltak for grupper med spesielle behov, som t.d.;

- Foreldre/ born/ unge med psykiske vanskar
- Foreldre/ unge med rusvanskar
- Born og unge med minoritetsbakgrunn
- Generell foreldrerettleiing

Det har vist seg at desse gruppene kan ha vanskar med å halde avtalar, kan føle seg stigmatiserte, foreldre kan føla det stigmatiserende, kan vegre seg for å ta i mot hjelp i nærmiljø, kan vegre seg for å ta del i gruppetiltak med andre ein har relasjonar til, kan ha språkvanskar og kan vere usikre på hjelpetiltak. Skulehelsetenesta, saman med andre samarbeidande partar må freiste legge til rette for den enkelte slik at ein kan nå fram med eigna tiltak til beste for kvar einskild.

2.3 Helseopplysning og rettleiing individuelt og i grupper

Helseopplysning er å gje råd, rettleiing og undervisning individuelt og i grupper. Ved å gi elevane kunnskap bidreg ein til auka fokus og haldningar som gjer elevane i stand til å ta fornuftige val.

Tema for helseopplysning og rettleiing kan vera kost, søvn, ulukker/ skadar, vald, eigenomsorg, ufrivillig skulefråvære, aktivitet, pubertet, tobakk, rus, psykisk helse, vennskap, prevensjon, seksualitet, legning, grenser, hygiene, vaksiner mm. Elevane sine ynskje og behov er utgangspunkt for val av tema.

Helsesjukepleiar fylgjer oppsett årsplan for opplysning på dei enkelte klassestega. Andre arena kan vera foreldremøte og andre møter i regi av skulen.

2.4 Heimebesøk og oppsøkande verksemd

Det kan vere behov for heimebesøk til skuleelevar. Heimebesøk kan gjennomførast når det er spesielle behov hjå familien som gjer at dei treng ekstra støtte. Det kan vere familiar i krise, ved psykisk eller fysisk sjukdom, ufrivillig skulefråvære, bekymring for eleven, eller der det er vanskar med å møte til avtalar.

I bekymringssaker arbeider helsesjukepleiar tett med barnevernet og kan då bidra med heimebesøk saman med dei eller som tilsyn for dei.

2.5 Samarbeid med skulen om elevane sitt arbeids- og læringsmiljø

Skulehelsetenesta skal samarbeide med skulen om tiltak som fremjar eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Helsesjukepleiar kan vere med som medrevisor når Miljøretta helsevern gjennomfører systemrevisjon på skulane, jf *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."*.

Skulehelsetenesta skal gi bistand og undervisning i grupper/ klassar/ foreldremøte. Tema der skulehelsetenesta samarbeider med skulen er:

- I Zippytimar i 1. og 2. klasse, særleg i timar som omhandlar tap og død

- Pubertetsundervisning i 5. og 6. klasse
- Opplegg frå Nok i 5.klasse (Senter mot incest og seksuelle overgrep)
- «Spør først» i 6., 9. og fyrste året på vidaregåande
- Prevensjonsundervisning i 9. klasse
- Undervisning om seksualitet i 10. klasse
- Samtalegrupper i 6., 7. og 8. klasse, gjerne saman med barne og ungdomskontakt
- Deltaking i skulen sitt foreldremøte med foreldre til skulestartborn med informasjon om skulehelsetenesta.
- Deltaking på foreldremøte i skulen sitt foreldremøte i 4.klasse med informasjon om tannhelse, tannpleiar deltek.
- Deltaking på foreldremøte for 6.klasseforeldre saman med konsulent for rus og politiet i høve tidleg innsats mot rusbruk
- Deltaking på skulen sitt foreldremøte i 5. klasse med informasjon om helseundersøking i 5.klasse
- Deltaking i skulen sitt foreldremøte i 8. klasse med informasjon om tannhelse og helseundersøkinga i 8.klasse

Skulehelsetenesta skal vera samtalepart for lærarar og anna personell ved SFO og skule der det er bekymring rundt elevar.

2.6 Tverrfagleg samarbeid om habilitering av born og unge

”Lov om helsetenesta i kommunane” og ”Forskrift om kommunens helsefremmede og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta” pålegg skulehelsetenesta å ha rutinar for samarbeid med legar, andre kommunale tenester, fylkeskommune og spesialisthelseteneste.

Samarbeid rundt barn og unge med særskilte behov i Årdal skjer oftast gjennom ansvarsgrupper. Det er laga egne retningslinjer for tverrfagleg samarbeid i Årdal: ”Barn og unge i fokus”. Desse retningslinjene omfattar tverrfaglege team og ansvarsgrupper.

Årdal kommune har innført *”Betre tverrfagleg innsats”* – BTI. BTI har hjelpemidlar for å fange opp born og unge som slit på eit tidlegare stadium, og har verktøy for betring av samarbeid mellom alle instansar i det kommunale systemet. Dokumentasjon av arbeid i BTI vert dokumentert i «stafettlogg», der føresette og alle aktørar med tiltak rundt barnet/ heimen har innsyn og tilgang. Stafetthaldar dokumenterer i stafettloggen.

Ansaret for å starte opp ansvarsgruppe rundt eit born eller ein familie er lagt til den instans som avdekkjer eit slikt behov hjå familien, eller som familien tek kontakt med. Koordinatoransvar for oppfølging bør vera den instans som har dagleg/ tett kontakt med barnet/ familien.

Born og unge med behov for langvarige og/ eller koordinerte tenester frå hjelpeapparatet har rett til individuell plan (IP). Årdal kommune har utarbeidd egne retningslinjer for utarbeiding av IP. Det er tilsett barnekoordinator i Årdal kommune.

Det er laga plan for barn og unge i krise og sorg. Desse planane vert nytta av barnehage, skule og helsestasjon/ skulehelsetenesta i Årdal.

Samarbeid med barne og ungdomspsykiatri (BUP):

Det er faste tverrfaglege møter med BUP der helsestasjon/ skulehelsetenesta, PPT, barnevern, psykisk helseteneste og 2 representantar frå BUP i Sogndal møter. I desse møta er det høve til drøfting av generelle, anonyme eller opne saker, då med samtykke frå foreldre. BUP kan rettleie til sakshandsaming eller innspel til evt tverrfaglege tiltak.

Leiande helsesjukepleiarar i Indre Sogn har i tillegg møter om lag to gonger årleg med fokus på fag, drift og felles utfordringar.

2.7 Vaksinasjon

Helsestasjon og skulehelsetenesta har ansvar for at alle born som er busett i kommunen får tilbod om Barnevaksinasjonsprogrammet. Det finst ei eiga brosjyre om barnevaksinasjonsprogrammet som foreldre får utdelt i barseltida. Skulehelsetenesta gir tilbod om påfyllingsdosar gjennom heile grunnskulen. Elevar ved vidaregåande skule vil kunne få manglande vaksinar eller nye tilrådde vaksiner hjå helsesjukepleiar på vidaregåande skule.

Born med nedsett immunforsvar, eller som av andre årsaker treng det, vil kunne få tilbod om sesonginfluensa ved helsestasjonen eller på helsesjukepleiar sitt kontor på skulane.

God vaksinasjonsdekning er viktig for å oppnå høg grad av immunitet i befolkninga, og på denne måten unngå smitte.

Leiande helsesjukepleiar i Årdal er no medlem av «Nasjonal faggruppe for barnevaksinasjonsprogrammet» i regi av Folkehelseinstituttet.

2.8 Planlegging og dokumentasjon

Skulehelsetenesta skal dokumentera planarbeid, utøvande verksemd og gjennomføra kvalitetssikring i tenesta.

Føremål:

- Ha ei helseteneste som er grunna på evidensbasert kunnskap og fakta
- Ha ei planlagt og strukturert teneste
- Oppfylle krav til at tenesta er fagleg forsvarleg og dokumentert (*jf. Helsepersonellova § 39, plikt til å føre journal*)

Planarbeidet er tiltak i kvalitetssikringsarbeidet og internkontrollen for tenesta.

Planarbeidet er gjort greie for i «Kvalitetssikringshandboka» for helsestasjon.

Skulehelseplan vil, saman med økonomiske rammer, legge føringar for tenesta. Årleg vert det utarbeidd årsplan og arbeidsplan med prioriteringar og satsingsområde.

Årsplan vert utarbeidd etter føringar i den overordna planen i skulehelsetenesta i samsvar med dei ressursane tenesta til ei kvar tid rår over.

Det vert kvart år utarbeidd ei brosjyre med oversikt over kva som skal gjennomførast av tiltak frå skulehelsetenesta på dei ulike klassestega, og kven som er kontaktperson på skulen. Helsesjukepleiar deler ut denne brosjyra til alle elevar ved skulestart (Vedlegg 2).

2.9 Tema som helsesjukepleiarar i Årdal treng auka kompetanse på:

- Kvalitetsutvikling av tenesta, kontinuerleg prosess
- Gruppeundervisning
- Rettleiing
- Sjølvskading
- Psykososiale tiltak
- Relasjonskompetanse/ samspel
- Ufrivillig skulefråvære
- Seksuell helse

2.10 Oversikt over arbeidsområde i skulehelsetenesta

- Helseundersøkingar og individretta tiltak**

Tema	Føremål	Metode
Oversikt over elevar med spesielle behov for målretta helseundersøkingar. Vurdering av helsetilstand og risiko. Oppfølging. Tilvising. Samtale med foreldre og jenter som er utsett for kjønnslemlesting. Mottak av born som kjem som flyktningar eller arbeidsinnvandrarar.	Sikre at elevar med fysiske/ psykiske/ sosiale vanskar vert sett så tidleg som råd, og at det vert sett i verk tiltak eller tilvist vidare til rett instans. Førebygga at jenter vert utsett for kjønnslemlesting og bidra til at jenter som har helseplager etter kjønnslemlesting får helsehjelp. Sikre at elevar som kjem som flyktningar eller har foreldre som er arbeidsinnvandrarar vert informerte om tenesta og og får innhenta avt manglande vaksiner	• Screeningundersøkingar. • Målretta us etter program/ på indikasjon/ etter tilvising eller funn. • Helsekort, overføring, venteliste, hugsekartotek • Samtale med kontaktlærar • Elevsamtalar • Helsesirkel • Grupper • Ansvarsgrupper og anna tverrfagleg arbeid • Elev og foreldresamarbeid • Tilvisingar • Inntakssamtale ved flytting til Årdal

- Førebyggjande psykososialt arbeid**

Tema	Føremål	Metode
Kartlegging av elevar med auka risiko for utvikling av psykisk sjukdom	• Førebygge psykiske vanskar • Hindre utvikling av sjukdom ved psykiske vanskar • Tilvise vidare til rett instans til dei som treng det	• Støttesamtalar • Samarbeid med skule, lærar • Oppfølging ved krise og sorg • Open dør til faste tider • Tilgjenge på mobil og mail • Tverrfagleg samarbeid • Samtalegrupper • Foreldrerettleiing • Heimebesøk • «Zippy» • «Alle har ei psykisk helse» • «VIP» • Tidleg intervensjon

• **Førebygging av vald, avdekking av direkte og indirekte vald**

Tema	Føremål	Metode
Snakke om vald og vere støttespelar for born, unge og foreldre som er utsette for vald eller har risiko for å bli utsette for vald	Førebygge og avdekke vald og skader av vald, både direkte og indirekte hjå elevar og foreldre	• Samtale med barn og foreldre om vald, eigen samtale med føresette ved 4 vekers alder. • Vise filmen «I trygge hender» til føresette til nyfødde • Undersøke barnet lett avkledd ved skulestart, sjå etter teikn på fysisk vald • «Nok» med undervisningsopplegg i 6.klasse • Målretta samtlar om vald med alle elevar i 5.og 8.klasse • informere føresette flyktingar og arbeidsinnvandrarar om nulltoleranse for vald og lover/ reglar i Noreg
		☐ Lågterskeltilbod for elevar, foreldre og lærarar for kontakt direkte, pr tlf eller mail ☐ Samarbeid med politi om undervisningsopplegg kring rus og vald ☐ Samarbeide tett med skule og barnevern ved mistanke om elevar som er utsette for vald ☐ Foreldrerettleiing ☐ Samarbeid med familievernkontoret

• **Vaksinasjon**

Tema	Føremål	Metode
☐ Gjennomføre nasjonalt vaksinasjonsprøgram ☐ Følgje opp elevar som er mangelfullt vaksinerte	Førebygge utbrot av smittsame sjukdomar og syte for vaksinasjonsdekning innan WHO si anbefaling	• Informasjon/ opplysning • Vaksinasjon • Observasjon • Dokumentasjon i journal • Innmelding til SYSVAK • Samarbeid med smittevern lege • Innhente opplysningar frå SYSVAK eller foreldre frå barn som flyttar til kommunen

• **Helseopplysning**

Tema	Føremål	Metode
• Rus, tobakk • Seksualitet, samliv • Prevensjonsrettlegging • Psykisk helse • Ernæring • Fysisk aktivitet • Astma, allergi, anna sjukdom • Vald • Mobbing • Nettvett • Trivsel, ansvar for eiga helse • Identitet • Lus	Gi elevar og foreldre kunnskap som kan gjera dei i stand til å ta fornuftige og bevisste val. Skapa gode haldningar til eiga helse og andre menneske.	☐ Individuell rettlegging ☐ Grupper ☐ Undervisning ☐ Foreldremøter ☐ Foreldrerettlegging ☐ Delta på tverrfaglege møter/ samarbeid ☐ Kampanjar ☐ Informasjonsskriv ☐ Samarbeid med andre instansar på og utanfor skulen ☐ Samtalegrupper ☐ Elev- og foreldremedverknad

• **Samarbeid med skule om eleven sitt arbeids- og læringsmiljø**

Tema	Føremål	Metode
☐ Kjenna til skulen sine satsingsområder ☐ Ta del i godkjenning av barnehagar og skular, jf. Forskrift ☐ Fysisk miljø, innelima ☐ Ulukker ☐ Kunnskap om miljø og trivsel	Førebygga og identifisera fysiske og psykososiale helsevanskar som kan ha samanheng med skulemiljøet	• Jobba tett saman med elevar, foreldre og skule • Samarbeid med Miljøretta helsevern • Samarbeid med skulelege/ fastlege • Råd og rettlegging • Bistå ved tilrettelegging • Motivere til auka fysisk aktivitet • Samarbeida med fysio- og ergoterapeut

• **Tverrfagleg samarbeid om habilitering av born og unge**

Tema	Føremål	Metode
Oversikt over born med særskilte behov	Sikre best mogeleg oppfølging av born og unge med samansette og særskilte behov.	• Rutinar for samarbeid • Planar, prosedyrar og retningslinjer • Ansvarsgrupper • Tverrfagleg team • Individuell plan

- **Planlegging og dokumentasjon**

Tema	Føremål	Metode
☐ Elevoversikt ☐ Inn henting av lokale og sentrale data ☐ Aktivitetsplanar, arbeidsplanar ☐ Oversikt over tidsbruk ved skulane ☐ Arbeidsfordeling ☐ Journalføring/ dokumentasjon ☐ Evaluering ☐ Internkontroll og kvalitetssikring ☐ Kvalitets handbok	• Evidensbasert skulehelseteneste • Planlagt og strukturert teneste • Oppfylle krav til at tenesta er forsvarleg og dokumentert	• Klasselister • Nasjonale helsedata • Lokale helseregister • Statistikk frå skulen • Møteplanar • Stafettlogg i BTI • Tverrfagleg samarbeid • Årsplanar/ rapportar • Helsekort • Statistikk • Oppdaterte skjema/ prosedyrar • Ventelister/ hugsekartotek • Møter med skuleadministrasjon

3.0 FAGGRUPPER OG ORGANISERING

3.1 Faggrupper

Skulehelsetenesta i Årdal kommune har faggruppene helsesjukepleiar, sjukepleiar, lege og barnefysioterapeut.

Helsesjukepleiar

- Leiande helsesjukepleiar har det overordna administrative ansvaret for skulehelsetenesta. Kvar helsesjukepleiar har koordineringsansvar ved sine skular.
- Årsplanar og arbeidsplanar vert utarbeidd ved kvar skule. Det er eit ynskje at skulen si leiing er med på planlegging. Årsplanar skal innehalde prioriteringar, tiltak, ansvarsfordeling og tider for gjennomføring. Oppgåver som må opp-, ned- eller vekkprioriterast skal komma fram i planen.
- Skal ha oversikt over elevane sine journalar, samt ha oversikt over elevar med særskilte behov.
- Skal sikre god overføring frå helsestasjon til skulehelsetenesta
- Skal følgje opp alle elevar med vaksinasjon, målretta helseundersøkingar, helseopplysning individuelt og i grupper mm.
- Deltek i tverrfaglege team og ansvarsgrupper ved behov.
- Innarbeide faste kontordagar ved skulane for å sikre kontinuitet i helsetenesta.
- Ansvar for å sikre god informasjon om tenestetilbodet til elevar, foreldre og personale ved skulane.

Sjukepleiar med opplæring

Har same arbeidsoppgåver som helsesjukepleiar etter opplæring og rettleiing er gitt, utanom utskriving av resept på prevensjon.

Skulelege

- Har medisinsk fagleg ansvar, samarbeider tett med helsesjukepleiar
- Gjennomfører screeningundersøking av alle born før skulestart, eller i løpet av fyrste skuleår
- Gjennomfører målretta undersøking av einskildelevar, men skal ikkje driva kurativ verksemd
- Deltek i ansvarsteam og tverrfaglege møter etter behov
- Deltek i utarbeiding av årsplanar
- Gjev råd og tilviser elevar til vidare utgreiing/ behandling
- Underviser om ulike tema i samarbeid med helsesøster

Barnefysioterapeut

- Deltek i ansvarsgrupper ved behov
- Motorisk undersøking av alle fyrsteklassingar
- Målretta undersøking av einskildelevar etter tilvising frå helsesjukepleiar, skulelege eller fastlege
- Samarbeidsmøte med skulehelsetenesta
- Føl opp einskildelevar etter behov

3.2 Oversikt over skular og helsestasjon i Årdal kommune

Postadresse Årdal Helsestasjon
 Årdal kommune
 Statsråd Evensensveg 4
 6885 Årdalstangen
 Telefonnummer sentralbord: 57 66 50 00
Telefonnummer til helsestasjon/ skulehelseteneste 57 66 50 20

Årdal helsestasjon/ helsestasjon for ungdom

Besøksadresse Helsehuset i Årdal, Jotunvegen 4, 6884 Øvre Årdal

Farnes skule, barnesteg, skulehelsesjukepleiar.

Besøksadresse Farnes skule, Parkvegen, 6884 Øvre Årdal

Farnes skule, ungdomssteg, skulehelsesjukepleiarr.

Besøksadresse Farnes skule, Farnesvegen, 6884 Øvre Årdal

Tangen skule, barne og ungdomssteg, skulehelsesjukepleiar.

Besøksadresse Tangen skule, Vollevegen, 6885 Årdalstangen

Årdal vidaregåande skule, skulehelsesjukepleiar.

Besøksadresse Årdal vidaregåande skule, Farnesvegen, 6884 Øvre Årdal

3.3 Fagressursar i skulen

Helsesjukepleiar

I desember 2015 vart helsestasjonane i Årdal slått saman. Dette har stabilisert drift og tilbod for brukarar og tilsette, samt gitt eit fagleg løft. Det er 4,5 helsesjukepleiarastillingar med kontor på helsehuset i Øvre Årdal. Det er tilstreba drift ut frå tilråding/ minste anbefalte normtal.

Helsedirektoratet publiserte i april 2010 rapporten ”IS-1798 Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetjenesten.” Bakgrunn for utarbeiding av rapporten var at Helse- og omsorgsdepartementet ønska ei utgreiing av alternative tiltak for å styrke kapasiteten i skulehelsetenesta. I rapporten er det forslag til nasjonal minstenorm for bemanning innan ulike deltenester som inngår i helsestasjons- og skulehelsetenesta, som ein del av drøftinga i rapporten. Normeringane er utarbeidde med bakgrunn i anbefalt program i rettleiar til forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste, men talet på helsepersonell er ikkje lov- eller forskriftsfesta som minstenorm. Dersom normtal vert innført som lov, vil ein tilstreba bemanning ut frå dette. Alle skular har kontor med helsesjukepleiar på faste kontordagar.

Det er fordelt helsesjukepleie ressursar om lag slik på dei ulike skulane:

Tangen skule, 1.- 10. klasse	Helsesjukepleiar 3 dagar kvar veke	Elevtal omlag 210
Farnes skule, 1.-7. klasse	Helsesjukepleiar 4-5 dagar kvar veke	Elevtal omlag 230
Farnes skule, 8.-10. klasse	Helsesjukepleiar 2 dagar kvar veke	Elevtal omlag 110
Årdal vidaregåande skule	Helsesjukepleiar 2,5 dag kvar veke	Elevtal omlag 220
Helsestasjon for ungdom	Kl 12-15.30 kvar tysdag på helsestasjonen	

Barneysioterapeut

Elevar i 1.-10.klasse får oppfyljing etter avtale.

Elevar ved vidaregåande skule får oppfyljing etter tilvising.

Skulelege

Legen er ikkje tilstades på skulane, men har fast kontortid ved helsestasjonen der elevar frå 1.klasse – vidaregåande skule kan få timeavtale. Lege er med i undervisningsopplegg der det er behov.

Omtrentlege elevtal

1.- 10. klasse	Farnes skule	Tangen skule
2018	30	21
2017	30	17
2016	24	26
2015	29	12
2014	39	22
2013	26	7
2012	40	30
2011	31	27
2010	32	23
2009	24	16
<i>Fødselstal</i>		
2019	26	23
2020	21	14
2021	28	17
2022	16	15
2023	24	20

Elevtala svingar ein del, også gjennom skuleåret. Folk flyttar til og frå kommunen og innad i kommunen.

Fødselstala stemmer ikkje alltid med kor mange som startar i skulen.

3.4 Helsestasjon for ungdom (HSTU)

Helsestasjon for ungdom skal vere eit supplement til skulehelsetenesta. Det er ein arena der ungdom kan ta opp problemstillingar og spørsmål kring helse og livsstil.

Målgruppa er ungdom 13 – 20 år.

Helsestasjonen for ungdom har alltid vore lokalisert på helsestasjonen i helsehuset. Tilbodet er gratis og det er ikkje timebestilling. Det vert formidla time til skulelege eller jordmor ved behov.

Målsetjing:

- Yta godt tilbod til ungdom 13 – 20 år, med fokus på helse. Ynskjer å nå fleire ungdomar med individuell rettleiing.
- Helsestasjon for ungdom skal vere ein arena der ungdom vert møtt, ivaretekne og får kontakt med helsesjuepleiar som kan hjelpe dei med helserelaterte spørsmål.
- HSTU skal spreie faktakunnskap om tema som vedkjem ungdom og deira helse.

Tema på helsestasjonen:

- Prevensjon
- Graviditet
- Seksuelt overførbare infeksjonar
- Trivsel
- Søvn
- Fysisk aktivitet
- Psykisk helse
- Identitet
- Etevanskar
- Sjølvkjensle
- Vekt
- Rus
- Syns- og høyrsestesting
- Andre tema som opptek ungdom

Besøktstala har ikkje vore så store siste år. Dette tenker me har ein samanheng med at me har auka opp tilbodet på den vidaregåande skulen. Me har ein del lærlingar som kjem innom. I feriane oppsøker ungdom helsestasjonen alle dagar i veka.

4.0 SKULEHELSETENESTA I ÅRDAL 2025 – 2029

4.1 Bemanning

Pr 10.10.24 er helsestasjonen bemanna med 4,5 årsverk i tillegg til jordmor, helsestasjons-/ skulelege, barnefysioterapeut og ein prosjektstilling .

Eit sentralt styringsdokument er «Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetjenesten», IS-1798, 2010, som seier at den nasjonale minstenorma for bemanning i helsestasjon og skulehelseteneste **bør** vera lagt opp slik:

Barneskule	Ein helsesjukepleiar i 35% stilling kan følge opp 100 elevar
Ungdomsskule	Ein helsesjukepleiar i 18% stilling kan følge opp 100 elevar
Vidaregåande skule	Ein helsesjukepleiar i 13 % stilling kan følge opp 100 elevar

I tillegg er det tilrådd 20% merkantil stilling for kvar 100% helsesøsterstilling.

Normtal er berekning av tidsbruk med bakgrunn i tilrådd program i veiledaren for helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Basert på tal frå 31.12.15 er den tilrådde minimumsbemanninga i Årdal:

Skule	Elevtal	Helsesjukepleiar	Merkantil
Farnes, barnesteg	226	72%	
Farnes, ungdomssteg	102	19%	
Tangen, barnesteg	139	49%	
Tangen, ungdomssteg	73	14%	
Årdal vg skule	225	30%	
Sum minstenorm skulehelsetenesta		184%	37%
Minstenorm helsestasjon 0-5 år		100%	
Reisevaksinasjon/ anna vaksinasjon		50% aukande	
Helsestasjon for ungdom		10%	
Leiing og fagutvikling		40%	
Cool Kids/ ICDP kursing		40%	
Sum minstenorm		240%	48%
Total minstenorm		509%	

I Årdal har me utfordringar i høve avstandar til samarbeidspartar. Det er lang veg til spesialisthelsetenestene som BUP, sjukehus, barnehus og psykolog. Dette fordrar mykje tidsbruk på reising til andre instansar ved samarbeid mellom helsestasjon/ skulehelseteneste og andre faggrupper.

Me ser også at det er krevjande for foreldre å møta til tilbod ved Barne og Ungdomspsykiatrisk senter i Sogndal over tid, eller til overvekts team i Førde. Oppfølginga av desse borna fell ofte tilbake til helsesjukepleiar i kommunen med rettleiing frå spesialisttenestene.

Born med alvorlege og/ eller samansette, vanskar er ofte under oppfyljing av spesialisthelseteneste som t d overvektsteam i Førde eller Stat ped Vest i Bergen. Å arrangere samarbeidsmøter inneber ofte at kommunalt tilsette må reise for å delta i team rundt eleven.

I Årdal vert også andre tenester lagt til helsestasjonsdrifta. Byar og større tettstader vert gjerne drifta på litt anna sett, med eigne reisevaksinasjonskontor. Reisevaksinasjon, influensavaksinasjon, vaksinasjon av vaksne flyktningar, høyrselstesting av alle aldersgrupper, miljørevisjon av skular og barnehagar er tenester som ligg under ansvaret til helsestasjonen i Årdal, og som det i periodar går mykje ressursar til.

Helsestasjonen i Årdal har ikkje eiga merkantil stilling til drifta si.

Ein av dei tilsette på helsestasjon er alltid med i Psykososialt kriseteam, pr 2024 er leiande helsesjukepleiar leiar av Psykososialt kriseteam.

4.2 Ei teneste i endring

Samhandlingsreforma og ulike Stortingsmeldingar og rundskriv peikar på at det er viktig å styrka og utvikla helsestasjons- og skulehelsetenesta i tråd med endringar og behov i samfunnet.

Hovudbodskapen er at det førebyggjande arbeidet i kommunane skal styrkast, og kommunane blir bedt om å prioritere helsestasjons- og skulehelsetenesta spesielt. Tenesta skal vere eit sentralt lågterskeltilbod for born og unge, og den skal integrere tiltak retta mot heile målgruppa 0 – 20 år og deira familiar, og tiltak retta mot særleg utsette grupper. Tenesta skal bidra til å styrke utsette foreldre, born og unge si evne til å ta vare på eiga helse.

Tenesta skal ha eit reelt tilbod til alle i aldersgruppa 13 – 20 år, og det skal leggjast betre til rette for unge og nye utfordringar knytt til psykisk helse og levevanar. Helsestasjons- og skulehelsetenesta vert framheva som ei unik og særleg viktig teneste i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet fordi dei når alle born, unge og familiane deira.

Helsesjukepleiar vert stadig tillagt nye oppgåver, dette utan at det vert tilført auka ressursar til tenesta. Eksempel frå dei siste åra er:

- Meir samhandling med andre tenester
- Fleire foreldremøter på skulane
- Cool Kids og ICDP program
- Auka innsats mot vald, i samband med Nok og «I trygge hender»
- Førebygging av kjønnslemlesting og tvangsekteskap
- Heimebesøk til familiar som strevar

- Flyktningar
- Frå 01.01.16 utvida rekvireringsrett for helsesøstre og jordmødre for prevensjonsmidlar
- Vaksinerings av gravide
- Koronavaksinerings
- Vaksinerings mot meningokokk på vidaregåande skular
- «Spør først» undervisningsopplegg på 3 klassetrinn om trygg seksualitet og førebygging av overgrep

Småskulen, ungdomssteget og den vidaregåande skulen har program for førebygging av psykiske helsevanskar i form av programma «Zippy's venner», «Alle har ei psykisk helse» og «VIP». Alle programma har veldokumentert effekt på den einskilde si psykiske helse og på klasse miljø. Helsesjukepleiar er kursa i desse programma og bør delta både som pådrivar, rettleiar og undervisar.

Med bakgrunn i ny nasjonal fagleg retningslinje for tenesta tilrår Helsedirektoratet at det vert gjennomført ei prosessnorm der kommunane må planlegge, utvikle, implementere og vedlikehalde ei teneste som oppfyller kvalitetskrav, lover og forskrifter. Årdal har i mange år hatt rekrutteringsvanskar til tenesta og har drifta med vakanse og sjukepleiarar i staden for helsesjukepleiar. Kommunale helsesjukepleiarar har søkt seg til andre jobbar. Dette er føringar og signal som Årdal kommune må ta omsyn til i planlegging av framtidig tenestenivå i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Tenesta har ikkje hatt kvalifiserte søkarar til stillingane som helsesjukepleiar, men har tilsett sjukepleiar med interesse for faget og med krav om å ta utdanning så snart det let seg gjere å få studieplass. Det er krevjande for helsesjukepleiarar på helsestasjon å drifta avdelinga samtidig som ein skal lære opp sjukepleiarar i faget med vakante stillingar. For å ta vare på helsesjukepleiarane er det viktig å halde på dei som har utdanning og dei sjukepleiarane som vert opplærte.

5.0 PLANAR SKULEHELSETENESTA I ÅRDAL

5.1 Barne- og ungdomsskule

Ved oppstart: Utdeling av informasjonsskriv om skulehelsetenesta til alle elevar

Klasse	Oppdrag	Haust/ Vår
1.	Skulestartundersøking hjå helsesjukepleiar og lege, helsesamtale, vekt, lengde, syn, høyrse, legeundersøking. Barnefysioterapeut us motorikk etter skulestart. Delta på innskrivingsmøte saman med tilsette og foreldre, informere om skulehelsetenesta.	Vår/ sommar
2.	Vaksine	Haust
3.	Individuell helsesamtale saman med foreldre. Vekt, lengde, syn, høyrse, trivsel, kost, søvn, aktivitet, grenser	Vår
4.	Tannpleiar er med på foreldremøte	Haust
5.	Foreldremøte, informasjon om individuell helsesamtale/ grenser/ kost/ søvn/ aktivitet/ tannstell.	Haust
5.	Individuell helsesamtale, fokus på trivsel, vald, sjølvkjensle. Vekt, lengde, synstest.	Haust
5.	Pubertetsundervisning med jentene og gutane	Vår
5.	Undervisningsopplegg med Nok.	Haust
6.	Foreldremøte med ruskonsulent og politi i høve Ungdata og rusførebyggande tiltak	Vår
6.	Vaksine	Haust
6.	«Spør først» førebygging av overgrep og fremming av positiv seksuell helse	Vår
7.	Vaksine, 2 dosar med mininum 6 mnd intervall	Haust/ Vår
8.	Foreldremøte, informasjon om individuell helsesamtale/ grenser/ kost/ søvn/ vald/ aktivitet/ tannhelse. Tannpleiar er med	Haust
8.	Utfylling av helseskjema, kvar enkelt elev	Haust
8.	Individuell helsesamtale, fokus på trivsel, vald, sjølvkjensle. Vekt, lengde, synstest	Haust
9.	Utfylling av helseskjema, kvar enkelt elev	Haust
9.	Undervisning om prevensjon, seksuell helse	Vår
9.	«Spør først» førebygging av overgrep og fremming av positiv seksuell helse	Vår
10.	Undervisning om seksualitet	Vår
10.	Utfylling av helseskjema, kvar enkelt elev	Haust
10.	Vaksine	Vår
10.	Utdeling av vaksinasjonskort	Vår

5.2 Vidaregåande skule

Ved oppstart:	Utdeling av helseskjema Utdeling av informasjonsskriv til alle elevar
Haust:	Individuell samtale med dei som ynskjer det Deltaking i VIP prosjekt i 1.klassane
Vår:	«Spør først» i 1.klassane

5.3 Milepælplan

HOVUDMÅL

Førebygga psykiske vanskar hjå born og ungdom.

Delmål	Gjennomføring	Tid	Budsjett	Ansvar
Implementera «Zippy», «Alle har ei psykisk helse» og «VIP» i skuleleiing, i tillegg til psykologisk førstehjelp som er eit «hjelp-til-sjølvhjelp» program som lærarane driftar.	Møte med rektorar	Årleg	Tid/ personale, evt kursing	Rektor/ Helsesjukepleiar
Gi lærarar innføring i programma	Møte med aktuelle lærarar	Årleg	Tid/ personale	Rektor/ Helsesjukepleiar
Lærarar set av tid til gjennomføring av tiltak	Setje av tid på årsplan	Årleg	Tid/ personale	Kontaktlærar
Lærarar informerer helsespl om plan for gjennomføring	Informere aktuelle samarbeidande partar	Når planar er fastsette	Tid/ personale	Kontaktlærar
Gjennomføre programmet	Bruke hjelpemidlane til programma for å gjennomføre	Kvart skuleår	Tid/ personale	Kontaktlærar

HOVUDMÅL

Førebygga overvekt hjå born og ungdom

Delmål	Gjennomføring	Tid	Budsjett	Ansvar
Ha vektkontroll på alle born i samsvar med tilråding	Måla vekt/ lengde på skulestart, ved 3., 5., og 8 klasse	Etter program	Tid/ personale	Helsesjukepleiar
Snakke med foreldre der det er avvik/ endring på kurver	Kontakte foreldre med ein gong etter oppdaging av avvik	På/ etter screening, evt ved bekymring frå foreldre/ lærar/ helsesjukepleiar	Tid/ personale	Helsesjukepleiar

Tilby oppfølging	Kost-/ aktivitets samtale med born og foreldre. Tilby legesamtale. Tilby samtale med barnefysioterapeut. Tilby familien samtale hjå frisklivssentral	Med ein gong, oppfølging etter 1-3-6 mnd	Tid/ personale	Helsesjukepleiar Skulelege Barnefysioterapeut
------------------	---	--	----------------	---

HOVUDMÅL

Ha 100% dekking av vaksinasjonsprogrammet

Delmål	Gjennomføring	Tid	Budsjett	Ansvar
God informasjon	Dele ut skriftleg informasjon rett etter fødsel. Informere skriftleg om vaksine før vaksinerings. Vere tilgjengelege for spørsmål om vaksine frå elevar/ foreldre. Informere om kommande vaksiner på foreldremøter ved behov.	Kontinuerleg	Tid/ personale	Helsesjukepleiar

HOVUDMÅL

Styrka det tverrfaglege samarbeidet i kommunen

Delmål	Gjennomføring	Tid	Budsjett	Ansvar
Ta aktivt del i BTI prosjekt	Delta i prosjektgruppe. Delta i rettleiingsgrupper. Ha BTI som samtaleemne på personalmøter. Nytta verktøy ved uro	Kontinuerleg	Tid/ personale	Alle
Bruke samtykkeskjema aktivt	Snakke med foreldre om samtykke til å drøfte uro vedr barnet/ foreldra med andre instansar.	Kontinuerleg	Tid/ personale	Alle
Delta i tverrfaglege møter	Tverrfaglege møter i barnehagar, skular, tannhelsa og BUP.	Kontinuerleg	Tid/ personale	Alle med sine ansvarsområder

HOVUDMÅL*Førebygga og avdekka vald.*

Delmål	Gjennomføring	Tid	Budsjett	Ansvar
Auka medvit om vald	Snakka med elevar og foreldre om vald	På alle helsekontrollar og elles ved behov	Tid/ Personale	Helsesjukepleiar
Avdekka vald	Opne opp for at elevar kan snakke med helsespl om vald. Nok har årlege samlingar med 5.klassingar. Foreldre vert informert om Nok sitt opplegg i etterkant.	Open dør	Tid/ personale	Helsesjukepleiar
Auka kunnskap om vald, avdekking av vald og skadeverknader	Delta på kurs, samlingar, Nok opplegg	Kontinuerleg	Tid, kurskostnader	Alle

VEDLEGG

HUGSELISTE FOR FYRSTE HELSESAMTALE MED FLYKTINGAR

Tek målingar og gjer oss eit intrykk av:

- Vekst
- Motorikk
- Intrykk av syn/ høyrsel
- Foreldrefunksjon, samspel

Spør etter:

- Anamnese
- Språk
- Ernæring
- Søvn
- Interesse for kontakt
- Språk
- Foreldrefungering, td korleis ein meistrar sinne hjå seg sjølv eller barnet
- Søsken og anna familie
- Opplevingar frå heimland; krig, flukt, andre opplevingar
- Vaksiner
- Utfordringar dei treng hjelp med i kvardagen

Informerer om

- Helsestasjonstilbodet
- Legevakt
- Reglar for kjønnslemlesting og vald
- Tannpleie
- Ernæring/ søvn/ aktivitet
- Mogelegheiter for aktivitet i bygda for foreldre/ born

Informerer der tydeleg om at me er til for å hjelpa og at det er viktig å snakka med born om opplevingar som kan ha sett spor, og at det også er viktig for foreldre å søka hjelp dersom dei har vanskar med opplevingar frå heimland/ flukt el l.

INFORMASJON OM
SKULEHELSETENESTA

I

ÅRDAL KOMMUNE
2024/2025



SKULEHELSETENESTE/ HELSESTASJON I ÅRDAL
Tel 57 66 50 20

Leiande helsesjukepleiar	Anne Berit Lerum	Tlf 46 93 66 31
Helsesjukepleiar	Maria Styve Øren	Tlf 95 22 20 51
Helsesjukepleiar	Siv N Smedegård	Tlf 97 56 32 71
Helsesjukepleiar	Hege Høl Vee	Tlf 94 13 80 67
Sjukepleiar	Karoline S Igelkjøn	Tlf 48 89 49 02
Sjukepleiar	Ann Siri Øvregard	Tlf 40 23 81 27
Jordmor	Kjersti J. Dolmen	Tlf 95 07 01 34
Barnefysioterapeut	Karianne Gudvangen	Tlf 99 22 48 39

SKULEHELSETENESTA

Farnes skule barnesteg	Karoline/ Ann Siri	Mand, Onsd, Torsd
Farnes skule ungdomssteg	Hege/ Ann Siri	Mand, Fred
Tangen skule	Anne Berit	Mand/Torsd/ Fred
Årdal Vidaregåande skule	Maria / Siv	Tysd/ Ons/ Torsd

HELSESTASJON FOR UNGDOM

Kvar tysdag kl 12 - 15.30 i 2. etg Helsehuset. Meir informasjon på kommunen sine nettsider.

Skulelege på helsestasjonen tysdagar.

(Ved vanskar med å få svar på tlf, send sms så vil helsestasjon ta kontakt så snart som råd, EVT TA KONTAKT VIA HELSENORGE.NO)

Målsetjing for skulehelsetenesta:

- Sikre at barn og unge får den helseundersøkinga og den helseopplysninga dei har rett på.
- Utføra målretta helseundersøkingar tilpassa individuelle behov og risiko.
- Samarbeide med heim, skule og dei andre i hjelpeapparatet for å identifisera og løysa helseproblem som har samanheng med skuleelevane sin situasjon. Vera pådrivarar og samarbeidspartnar for skulen sine tilsette.
- Alle barn skal få tilbod om vaksinasjon etter anbefalt program

Skulehelsetenesta

- Er eit førebyggjande og helsefremjande tiltak, og er ikkje basert på å driva med behandling.
- Elevane får testa syn, høyrsel, målt lengde/ vekt, samt tilbod om legeundersøking ved behov. Der ein finn det naudsynt vert elevane kontrollert oftare, eller tilvist til fastlege. Dette er i samarbeid med foreldre.
- Samarbeider med skulen, tannhelsetenesta, fysioterapeut, PPT, psykisk helsevern og barnevern om barn /ungdom med særlege behov.
- Bør bli informert frå foreldre om det oppstår psykisk eller fysisk sjukdom som krev spesielle omsyn som t.d astma, epilepsi, diabetes, psykiske belastningar i familien som flytting, skilsmisse, rusvanskar, vald, dødsfall og sorg.
- **5 - 6 år** **Skulestartundersøking før skulestart**
- **1 klasse** **Zippys venner, Undersøking i gruppe av fysioterapeut**
- **2 klasse** **Polio/DT/kikhostevaksine m/ foreldre. Zippy's**
- **3 klasse** **Helseundersøking m/ foreldre; vekt/ lengde, syn**
- **4.klasse** **Tannpleiar deltek på foreldremøte**
- **5 klasse** **Helseundersøking hjå helsesjukepleiar.**
Pubertetsundervisning i grupper
- **6 klasse** **MMR vaksine**
- **7 klasse** **HPV vaksine (2 dosar, ca 6 mnd mellom dosane)**
- **8 klasse** **Individuell samtale med helsesjukepleiar.**
Prosjekt " Alle har ei psykisk helse"
- **9 klasse** **Prevensjonsundervisning**
Prosjekt "Alle har ei psykisk helse"
- **10 klasse** **Polio/ DT/ kikhostevaksine**
Undervisning sex/samliv .
Prosjekt "Alle har ei psykisk helse"

Ved alle vaksinasjonar vert det sendt ut samtykkeskjema til føresette.

Samtalegrupper i klassane etter behov.
Høyrsele- og synstest ved behov.

Mykje nytting informasjon for foreldre til skuleborn på kommunen sine nettsider!!